



Saksbehandlar Gerd Siqveland Engelsgjerd landbrukssjef
ArkivsakID: 12/127
Arkivkode: FA - V45

Høyringsuttale frå Bjerkreim kommune om forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr

Saksnummer	Utval	Møtedato
003/19	LMT-utvalet	06.02.2019

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Bjerkreim kommune meiner primært at ei lov om forbod mot hald av pelsdyr er i strid med Landbruks- og matdepartementet si Stortingsmelding nr. 8 (2016 – 2017) der det heiter at «*Regjeringen vil – videreføre muligheten til å drive pelsdyroppdrett med en dyrevelferd som er i front internasjonalt*».Pelsdyr er ei viktig og veldriven næring med god dyrevelferd her i landet, og bør oppretthaldast.
2. Dersom forbod mot hald av pelsdyr vert vedteken, må bygg, innreiing og driftsutstyr kompensert fullt ut. Det same gjeld avviklingskostnader og oppryddingskostnader. Det må også gjevast erstatning for tap av inntekt.
3. Det bør leggjast til rette for gunstige høve med økonomisk støtte for dei som har høve for omstilling, og kan koma i gang med nye lønsame produksjonar/næringsverksemd.
4. Næringskjeda gjer stor verdiskaping innan sysselsetting, bruk av slakteriavfall mm. Slike forhold må og koma inn under økonomisk kompensasjon/erstatning.

06.02.2019 LMT-utvalet

Det vart diskutert om Geir Helland var ugild i saka. LMT-utvalet meinte at han ikkje var ugild. Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

LMT- 003/19 Vedtak:

1. Bjerkreim kommune meiner primært at ei lov om forbod mot hald av pelsdyr er i strid med Landbruks- og matdepartementet si Stortingsmelding nr. 8 (2016 – 2017) der det heiter at «*Regjeringen vil – videreføre muligheten til å drive pelsdyroppdrett med en*

dyrevelferd som er i front internasjonalt». Pelsdyr er ei viktig og veldriven næring med god dyrevelferd her i landet, og bør oppretthaldast.

2. Dersom forbod mot hald av pelsdyr vert vedteken, må bygg, innreiing og driftsutstyr kompenseras fullt ut. Det same gjeld avviklingskostnader og oppryddingskostnader. Det må også gjevast erstatning for tap av inntekt.
3. Det bør leggjast til rette for gunstige høve med økonomisk støtte for dei som har høve for omstilling, og kan koma i gang med nye lønsame produksjonar/næringsverksemd.
4. Næringskjeda gjer stor verdiskaping innan sysselsetting, bruk av slakteriavfall mm. Slike forhold må og koma inn under økonomisk kompensasjon/erstatning.

Høyringsuttale frå Bjerkreim kommune om forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr

Saka gjeld:

Landbruks- og matdepartementet/LMD har sendt på høyring: «Forslag til lov om forbud mot hold av pelsdyr og forslag til ordning for økonomisk kompensasjon til pelsdyroppdrettere». Høyringsfristen er 31.01.19. Vi bad LMD om utsett frist slik at LMT-utvalet kunne gje ein politisk høyringsuttale til saka i sitt møte den 06.02.19. I svarbrevet frå dei står bl.a.

“Departementet vil i utgangspunktet opprettholde den høringsfristen som er satt. Vi antar likevel at en uttalelse fra Bjerkreim kommune kan behandles dersom den i tråd med anmodningen oversendes 7. februar. Vi ber i så fall om at saksfremlegg med innstilling til det politiske utvalget som skal treffe vedtak om uttalelsen oversendes til departementet innen høringsfristen.” Dette vil verta gjort den 30.01.19.

Faktiske opplysningar:

Lovforslaget har følgjande 3 delar:

- Forbod mot å halda eller driva med oppdrett av dyr utelukkande eller primært for at dyra eller deiras avkom skal avlivast med sikte på sal eller anna utnytting av pelsen.
- Oppdrettarar som held pelsdyr når lova trer i kraft, kan driva oppdrett av pelsdyr fram til 1. februar 2025.
- Departementet kan gje forskrift om økonomisk kompensasjon for tap av retten til å halda pelsdyr. Deira forslag til kompensasjon står det om i høyringsnotatet.

Fakta om pelsdyrnæringa

Her er nokre fakta frå næringa henta frå høyringsnotatet, dagsavisa Nationen og Fylkesmannen i Rogaland sin høyringsuttale datert 23.01.19 som er vedlagt.

- Ca. 200 pelsdyroppdrettarar i Norge
- Viktig hovud- eller tilleggsnæring for mange bønder
- I 2017 stod pelsdyrnæringa for ca. 487 årsverk og 275 millionar kr i verdiskaping
- I Norge produserer ein 1 % av minkskinna i verda og 2 % av reveskinna
- Eksportverdien av pelsdyrskinna har dei siste åra vore på ca. 300 millionar
- Rogaland er størst på mink med ca. 60 % av produksjonen i landet, medan Trøndelag er størst på rev
- 60 oppdrettarar i Rogaland i 2017, herav 56 på mink
- Klepp, Hå og Sandnes er dei store pelsdyrkommunane i Rogaland
- Bjerkreim har 4 minkfarmar
- 3 produksjonsanlegg til pelsdyrfør i landet, der anlegget i Sirevåg er det største med ca. 20 årsverk
- Råvarene til pelsdyrføret er slakteriavfall frå landbruket, og avfall frå fiskeri/havbruk sine produksjons- og foredlingsanlegg

Vurderingar:

Landbruks- og matdepartementet har i vedlagte høyringsnotat gjort greie for desse punkta. Vi vil derfor ikkje gjenta innhaldet i notatet, men peika på nokre sentrale område.

I stortingsmelding nr. 8 (2016 – 2017) var den overordna vurderinga at det er mulig å ha

ei tilstrekkeleg god dyrevelferd i næringa, sjølv om pelsdyrhald i likheit med anna kommersiell dyrehald, fører til avgrensingar i livsutfoldingen som ville dyr ikkje har. I meldinga heiter det bl.a. «*Det norske regelverket for dyrevelferd i pelsdyrholdet, og kontrollen med dette, vurderes å være velutviklet og blant de beste i internasjonal sammenheng.*» Næringa har, spesielt i seinare tid og med få unntak, vist eit godt dyrehald, som er godt dokumentert bl.a. gjennom næringa sine egne internkontrollar, pelsdyrfarmarane sine 3 årlege pålagte besøk med helseovervåking av veterinærar, og Mattilsynet har også gjennomført omfattande uvarsla inspeksjonar. Norsk og dansk pelsdyrhald er i verdsklasse innan dyrevelferd. Pelsdyr er haldne i bur i mange generasjonar med avl som er tilpassa denne produksjonsforma; dyra er tilpassa eit liv i fangenskap.

Stortinget vedtok altså i januar 2017 å vidareføra pelsdyrnæringa gjennom ei såkalla berekraftig utvikling der fleire krav til dyrevelferd vart skjerpa inn. Dette vedtaket i Stortinget kom som resultat av ein omfattande prosess, med ei stortingsmelding og med påfølgjande høyringsrunde. Med bakgrunn i dette har farmarane hatt eit godt og berettiga grunnlag for å investera og vidareutvikla næringa og drifta. Fleire unge bønder i Rogaland har derfor investert i nye anlegg til fleire millionar. Dette då det ikkje har vore grunnlag for å venta påbod om avvikling av pelsdyrhald. Tvert imot skulle stortingsmeldinga kunna oppfattast som eit vern for vidare pelsdyrhald i Norge, og ikkje eit snarleg forbod mot pelsdyrdrift.

Ordføraropprop

Det var derfor svært overraskande då dei 3 partia i januar 2018 inngjekk ei regjerings-plattform med styrt avvikling med forbod mot pelsdyrhald innan 2025. Det siste året har det derfor vore stort engasjement frå næringa sjølv, men også frå mange andre om å endra dette slik at næringa kan bestå. I Nationen den 17.01.19 vert det referert til at 93 ordførarar i landet har signert på eit opprop om å ta vare på pelsdyrnæringa, og dei slår ring rundt landbruket si 4. største eksportnæring med ca. 300 millionar kroner i eksportinntekter. I oppropet poengterer ordførarane at landbruket ei viktig for arbeidsplassar, verdiskaping og busetjing i kommunane, og at pelsdyrnæringa er ein del av Distrikts-Norge. «*Norske pelsdyrbønder leverer pels i verdensklasse nettopp fordi de gjør jobben sin skikkelig*», står det i oppropet.

Pelsdyrnæringa i Norge er ei livskraftig, lønsam og konkurransedyktig eksportnæring. Pelsdyrnæringa gir arbeidsplassar direkte i drifta, men også indirekte ved kjøp av varer og tenester frå andre bransjar. Vidare har pelsdyrnæringa gjennom ei årrekke gitt Norge store eksportinntekter. Næringa vidareforedlar ca. 35.000 tonn slakteri- og fiskeavfall til fôr for dyra. Dette er ressursmessig positivt, og det fører til sparte destruksjonskostnader for andre næringar.

Økonomisk kompensasjon

Eit eventuelt forbod mot pelsdyrhald vil ha kostnader og konsekvensar først og fremst for pelsdyroppdrettarane, men også for vare- og tenesteytande næringar og dermed samfunns-messige meirkostnader. Dersom ei lov om forbod mot hald av pelsdyr vert vedteken, må det gjevast erstatning/kompensasjon fullt ut til dei som vert fråteken inntektsgrunnlaget sitt for bygg, innredning og driftsutstyr. Det samme gjeld avviklingskostnader og kostnader til opprydding. Det må også gjevast erstatning for tap av inntekt.

Det bør også leggjast til rette for gunstige høve med økonomisk støtte for dei som har høve for omstilling, og kan koma i gang med nye lønsame produksjonar/næringsverksemd. Næringskjeda står for stor verdiskaping innan sysselsetting, bruk av slakteriavfall mm. Slike forhold må og koma inn under økonomisk kompensasjon/erstatning.

Regjeringa føreslår eit samla beløp til kompensasjon, opprydding og omstilling til ein skissert sum på inntil 365 millionar kroner. Av dette skal 50 millionar gå til omstilling til

anna nærings-verksemd på garden. To utgreiingar frå Samfunnsøkonomisk analyse og Oslo Economics, bestilt av Pelsdyralslaget, viste rundt 2,3 milliardar i erstatningsbehov om næringa måtte avviklast. Ei utgreiing frå Menon, bestilt av Dyrevernalliansen, viste samfunnsøkonomiske kostnader på 165 millionar kr. på å forby næringa. LMD legg i høyringsdokumentet stor vekt på Menon sin rapport frå mars 2016. Dei 2 andre utgreiingane viser radikalt andre konklusjonar enn det Menon har, og LMD sitt forslag.

Rådmannen meiner at usikkerheita i analysane som ligg til grunn for forslaga, er altfor store. Det er tid nok til å ta individuelle vurderingar. slik at ein får opp eit reelt faktagrunnlag.

Ei kartlegging av stoda hjå den einskilde farmar, bør kunna gjennomførast innan relativt kort tid. Ein pelsdyrfarm i full drift vil normalt ha ei god avkastningsevne. Ved avvikling av pelsdyr-drifta, vil eigedomsverdien og avkastningsevna verta monaleg redusert. Avkastningsbortfall og redusert eigedomspris må kompensera seg dersom det blir innført eit avviklingspålegg.

Ei rekkje pelsdyroppdrettarar har føretatt store investeringar i bygg og innreiing, og har tung gjeldsbelastning knytta til dette. Rekneskapslag og bankar på Jæren gir tydeleg uttrykk for at gjeldsbelastinga som stammar frå pelsdyranlegg gir fleire oppdrettarar betydeleg tilleggsgjeld som skal betalast med inntekter frå ein ny produksjon eller anna arbeid. Ein slik konsekvens av eit lovpålagt driftsforbod er urimeleg, og kan vanskeleg akseptera seg.

Konklusjon

Rådmannen er oppteken av at landbruksnæringa skal ha god dyrevelferd. Dei siste åra med stort fokus på dette innan pelsdyrnæringa, har ført til at ein i dag har ei dyrevelferd her i landet som er i verdensklasse. Rådmannen kan ikkje sjå at det er tungtvegande argument for at næringa skal avviklast. Alternativet vil vera auka produksjon av pelsdyr i land med langt lågare krav til dyrevelferd.

Dersom ei lov om forbod mot hald av pelsdyr likevel vert vedteken, må det gjevast erstatning/ kompensasjon for bygg, innreiing og driftsutstyr, avviklings- og oppryddingskostnader og erstatning for tap av inntekt. Det må også løyva seg gunstige midlar til omstilling til ny nærings-verksemd.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
189021	Høringsnotat - forslag til lov om forbud mot hold av pelsdyr
190668	Høyringsuttalen til Klepp
190667	FM sin høyringsuttale
185456	Innspill til ordføreren i Bjerkreim om avvikling av pelsdyroppdrett
61466	Pelsdyrnæringa ei viktig næring for Bjerkreim kommune
61731	Reportasje i Bondevennen